

GLØD

MEDLEMSBLAD FOR SURNADAL IL. #3 2014

ØYSTEINS CORNER :
s. 2

TIGER GARTÉ:
Drakt nr 10,5
s. 4

IPC WORLD CUP:
Frå heile verda til
Surnadal
s. 6

TETT PÅ:
Stian Faksnes: Hekta
på handball
s. 8

BILDEGLIMT:
Frå lagidrett
s.10



#3 2014

Foto: Jörg Brunke



IDRETTS- LAGET

Ønskiert god jul

Dagleg leiar:
Øystein Hjelle Bondhus

Epost: ohb@surnadalil.no
Mobil: 926 98 080
www.surnadalil.no

Følg oss på



OYSTEINS
CORNER



Sponsor i #3



Sponsor i #3



Årets siste "Åpen hall" fikk populært besøk av to karar med skjegg.

Foto: Mari Vattay

«Det er ingenting som er så godt som å se glade idrettsfolk som er...glade», sa den folkekjære NRK-kommentatoren Kjell Kristian Rike. Sjølv om formuleringa kanskje vart noko meir kronglete enn han hadde tenkt, er det vanskeleg å seie Rike imot.

Eg var så vidt innom det 2014 nærmar seg slutten, og det har vore eit nytt, strålende idrettsår i Surnadal. Vi har sett den ferske innebandygruppa vår vekse, verte seriemeistrar og drive viktig integreringsarbeid. Det har og mellom anna fotballgruppa og barneidretten gjort, og dette er heilt i tråd med Surnadal IL sin ambisjon om å vere ein støttespelar og ei positiv kraft i lokalsamfunnet. Det haldningsskapande arbeidet til idrettslaget vart og lagt merke til gjennom at Nordmøre og Romsdal Fotballkrets kåra

Surnadal IL til årets Fair Play-klubb for 2014. Gode haldningar og sunne verdiar er sjølve drivkrafta i eit velfungerande idrettsmiljø, og Surnadal IL sine mange frivillige beviser dette kvar einaste dag.

Vi har sett store arrangement, som mellom anna Nordisk Ungdoms-

Sesongen er i full gong og for handballgruppa og langrennsgruppa, medan alpingruppa berre er få dagar unna å kunne nyte eit Sæterlia-anlegg med nyprodusert kunstsnø. Aktiviteten i Surnadal IL er konstant gjennom heile året. I dei periodane somme grupper planlegg neste sesong, er andre grupper midt i sin mest

Skiing World Cup til fire utvalte land og arrangørstadar. Finland. Sør-Korea. Japan. Norge. Og ikkje berre Norge; Surnadal! Verdenscup på Nordmarka! Vi gler oss veldig, og både hovudkomité og frivillige er allereie komme langt i planlegginga. Har du lyst til å vere med på folkefesten 16.-22. mars, der det skal arrangerast

#DET HALDNINGSSKAPANDE ARBEIDET TIL IDRETTSLAGET VART OG LAGT MERKE TIL GJENNOM AT NORDMØRE OG ROMSDAL FOTBALLKRETS KÅRA SURNADAL IL TIL ÅRETS FAIR PLAY-KLUBB FOR 2014.#

mesterskap i Bueskyting, idrettsskule med godt over 20 barn i regi av den blomstrande friidretten, og både barneturneringar og cupkamp mot dobbelmester Molde i fotball. I tillegg har vi bøker fulle av namn ved dei mange trimpostane trimgruppa har sett opp.

hektiske periode – og omvendt. Vi veit allereie at det skal skje store ting i SIL-regi og i 2015, med verdenscuparrangementet på Nordmarka i mars som det aller største.

I løpet av verdenscupsesongen 2014/15 kjem International Paralympic Committee (IPC) Nordic

tre skiskytterrenn og to langrenn i løpet av veka, er det berre å ta kontakt – dette blir kjempestas for både Surnadal IL og bygda!

På vegne av Surnadal Idrettslag vil eg ønskje alle idrettsvenner ei riktig god jul

ÅPEN HALL



DRAKT NR 10,5

Tiger Garté



Det hender ofte at jeg setter meg ned og prøver å tenke på hva som har gjort at det som skjedde skjedde, og hva som forma oss til å bli dem vi er, på godt og vondt. For min egen del vender jeg ofte tilbake til Syltøran og Bjørnebanen. Jeg ser sammenhengene mellom hva jeg gjør og det jeg vil i dag med den jeg var og det jeg prøvde på den gangen.

Jeg vokste opp med et A-lag som hadde vært så langt oppe som i 1. divisjon. Riktignok hadde de avgitt poeng i nærmest hver kamp, og står i dag som et av de to dårligste lagene som noen gang har vært i 1. divisjon, med tanke på antall poeng i løpet av en sesong. Noe jeg fant ut som en kuriositet her om dagen. Men Surnadals A-lag var der, de spilte mot de store gutta, hadde Sunderland på besøk i treningskamp (tapte 10-0) og møtte Vålerenga i cupen som slo oss og attpåtil reiv den ene tribune-seksjonen på stadion. Og A-laget hadde

til og med fått spilt inn en egen supporter-kassett, som jeg spilte i fillebiter og har på hjernen den dag i dag. Surnadal, Surnadal, aller tiders fotbaill-lag, Surnadal, Surnadal, hælde bøgdas foootbaaiiill-lag.

Selv var jeg vel i tolvårsalderen. Digga Liverpool og Steve McManaman, spilte med skolisse i panna som holdt de lange krøllene på plass bak øra, hadde nyinnkjøpte hvite fotballsko og knallrøde strømper, som en datidas fotballrødstrømpe. Jeg ville skille meg ut. Gjøre de annerledes tinga. Jeg hadde til og med teipa litt ekstra sportstape på drakta mi, slik at det sto nr. 10,5 på ryggen. 10,5 liksom. Pinlig flaut. Men jeg hadde trua. Jeg visste. At jeg én dag skulle løpe ut på Anfield Road, sammen med Macca og Steven Gerrard. Hadde fått den trua av å snakke med Håvard Sæter, som trente A-laget etter hvert og som hadde sagt til meg at: - Du kommer til å nå lenger enn noen av disse gutta du, mens jeg satt og beundra dem på treningene.

Det vokste en selvtillit i meg på denne tida. Sammen med en helt ekstrem vinnervilje. Jeg husker jeg tok en Zidane-

finte på Bjørnebanen da jeg spilte på Gutte-laget, som ingen i bygda hadde sett maken til noen gang før, og som sendte et gisp gjennom publikum. Jeg dro til med en venstre-volley på hovedbanen på Syltøran da jeg fikk prøve meg på juniorlaget, og den gikk rett i krysset fra over 20 meter. Mange slike minner. Da jeg holdt på å brette ryggen i Idrettshallen fordi jeg kasta meg rundt og prøvde på brassespark over håndballbanebelegget. Fikk røde kort for å felle som sistemann. Skulle vise meg litt for god, og blei frastjælt en kasse med lefser i gardero-ben som jeg hadde fått etter et veddemål med min egen trener og lefsefabrikksjef Børset. Følelsen av å bli svikta, forrådt. Som jeg igjen bestemte meg for å heve meg over, og heller bevise igjen, bevise enda mer, at jeg skulle klare det. Bli best og løpe ut på Anfield. Herje.

Det var kvelder da jeg la meg med ballen oppi senga. Tapetserte

gut-terommet med Liverpoolstjerner som kikket ned mot meg. Venta på meg. Dager i sommerferien da jeg kunne stå på Syltøran for meg sjøl, etter å ha sykla dit aleine, og terpe og terpe og terpe på ulike finter og triks, og skudd på mål. Lukta av gress og sjøvatn, søppelfyllinga like ved og våt grus borte på grusbanen. Et furet værbitstadio-nanlegg. Med sjel. Med vinnerinstinkt. Det som hadde vært.

Jeg lærte så mye på denne tida. Mer enn jeg har lært sia til sammen, kanskje. Om det å stå opp for hverandre. Stå opp for seg selv. Tørre å prøve nye ting. Få kjeft. Prøve igjen. Se at hvis du bare tror på deg selv og aldri slutter å prøve, så får du det faktisk til til slutt. Fatter'n på sidelinja som dro seg i håret da jeg prøvde å skru straffer i krysset og kylte dem over tverr-liggeren. Eller slapp inn et mål med vilje i forsvar, fordi jeg ville bli plassert lengre fram på banen slik at jeg

kunne score, og imponere publikum på sidelinja. Sykle hjem etter kamp for å få ekstra god kondisjon. Spise ti brødskiver med Nugatti for å fylle på med energi. Før nye runder, nye utfordringer og kamper og treninger.

Lærte. Hele tida. Fatter'n på sidelinja. Trener'n. Kjefta mest på meg av alle, selv om jeg var best. Lot meg få høre det. Lot meg få svi straks jeg gjorde en dum feil, som jeg hadde skjønt lenge før han ropte det ut på banen. Men samtidig pusha meg, hele tida. Gjorde meg bedre, lot meg få se framgangen med egne øyne. Var med på sonesamlinger. Til

krets-laget. Klaps på skuldra når jeg gjorde noe skikkelig bra. Lot meg hige etter dem.

Blei sikkert skuffa da det ikke gikk. Da jeg ga opp. Gikk på en smell. Måtte kjøpe mine egne fotballsko, mens de andre på laget fikk dem av foreldra. Jeg skulle lære å ta vare på tinga mine. Respektere dem. Pusse sko, score mål, terpe, terpe, terpe.

Hvem kan slutte med noe sånt uten å få en nedtur. Ingen, tror jeg. Det er så mye man kan bli kvitt på en håndball- eller fotballbane. Aggresjon, tristhet, smerte, sinne. Som man drar med seg i hverdagen uten å ha en arena for å få det bort.

En far som aldri fikk se en sønn løpe ut på Anfield Road, og en sønn som aldri fikk se sin far oppe på tribunen på samme stadion, fra gressmatta.

#JEG VISSTE. AT JEG ÉN DAG SKULLE LØPE UT PÅ ANFIELD ROAD, SAMMEN MED MACCA OG STEVEN GERRARD. #

Men vinnerviljen, ured-dheta og annerledesattityden tok jeg med meg. Det vil si, redselen er der enda. Idet man prøver noe nytt, som man ikke i det hele tatt vet utfallet av. Når man sikter på krysset og fyrer av, i stedet for å safe og sentre. Redselen er der for at det skal gå galt, at man skal bomme, at noen skal bli skuffa, kjefta.

Det man har med seg er alle de gangene den føyk i krysset. Når fintene funka og man glei gjennom forsvaret. Kjente adrenalinet. Smilet som steig helt fra føttene og opp til leppene. Fikk trua på at det kunne gå. At det gikk. At det lyktes.

Og dét tror jeg er oppskrifta. Å gi kidsa trua. Tørre å prøve, tørre å være annerledes, og ikke gjøre ting for likt. Alle er vi forskjellige, og får vår plass på banen og i livet.

Jeg har skrevet på en lapp, at det som skal til for å få et bra liv, er å

bruke alle de gode sidene man har fått, best og mest mulig. Og tenke at dét er bra nok. At den vi er, er den det går helt fint å være.

Den dag i dag blir jeg erta, fordi jeg ikke greier å la være å løpe bort til fotballer jeg ser på lekeplasser.

For meg et det en liten glenne av full frihet. Følelsen av å være en Zlatan på dribleraid. Kjenne det samme adrenalinet pumpe i hele kroppen, og frykten og gleden som kjemper om å få overtaket på hverandre.

Jeg skyter ballen i mål, løfter hendene over hodet og feirer i noen få sekunder. Lar folk se rart på meg. Det bryr meg ikke.

For den gode følelsen er der. Og drakta også, nesten.

Med nummer 10,5.

Tiger Garté er Forlagssjef og redaktør i Tigerforlaget samt forfatter med flere bokutgivelser bak seg. Ikke minst er han Surnadaling, fra en aktiv idrettsfamilie innen flere idretter. Her gir han oss sine betraktninger rundt barndommens fotballkarriere i SIL.
Foto: Lediard Foto.

Teknisk delegert, Guy Magand, hadde gjennomgang av løypene og anlegget på Nordmarka saman med blant anna løypesjef Olav Rønning (midten) og Haldor Aasbø (t.h.)

FRÅ HEILE VERDA

16.-22. mars er det klart for folkefest i Surna-dal. Då skal det nemleg arrangerast verdscup i langrenn og skiskyting på Nordmarka! Som eitt av berre fire arrangørland denne sesongen er Noreg valt ut, og det er stor stas at vi i Surnadal IL, med langrennsgruppa i spissen, får æra av å vera vertskap for storarrangementet.

Her må vi få rette ei stor takk til Nils Erik Ulset frå Tingvoll, som har spelt ei viktig rolle for å få verdscupen til Surnadal. Ulset har teke totalt 26 internasjonale meisterskapsmedaljar, 11 i Paralympics og 15 i VM, og har teke medalje i alle meisterskap han har stilt i frå Salt Lake City i 2002 til Sochi 2014. Det kan altså vere gode mulegheiter for å sjå ein nordmøring kjempe i toppen i verdscupavslutninga på Nordmarka i mars! International Paralympic Committee (IPC) Nordic Skiing opna i midten av

desember sesongen med renn i Vuokatti i Finland. Der var Arne Berset, Haldor Aasbø og Bjørn Sæterbø frå Surnadal IL på plass for å følgje arrangementet frå nært hald. Neste stopp for utøvarane er VM i Cable, Canada, før dei i tur og orden deltek i World Cup-renn i sør-koreanske Pyeongchang, japanske Asahikawa og vårt kjære Surnadal. Vi har altså fått det gjeve oppdraget det er å avslutte World Cup-sesongen til IPC Nordic Skiing, og før vi er klare til å dele ut verdscuptrofé i Vårsøgbygda er det mykje

arbeid som skal gjerast. Med tre skiskyttarrenn og to langrenn i løpet av ei veke trengs det mange frivillige, og her er det berre å melde seg! Vi hadde tidlegare i haust besøk av teknisk delegert Guy Magand, som let seg imponere av anlegget og jobben hovudkomiteen hadde gjort så langt. Saman skal idrettslaget, frivillige, Nordmarka og Surnadal sørge for at både utøvarar og publikum får ei fantastisk veke her i det som heilt subjektivt er verdas vakraste dal.

2015 IPC
Nordic Skiing
World Cup

SURNADAL
(NORWAY)
16-22 MARCH



SURNADAL
IDRETTSLAG



www.ipc-nordicskiing.org
www.surnadal-il.no

@IPCNordic
@Surnadal_IL
/IPCNordicSkiing
/Surnadalil
surnadal_il
#IPCSurnadal

HOVEDSPONSOR



MELD DEG!

Kan du steike bakels, kan du dirigere parkering, kan du stå i kiosk, kan du være løypevakt, kan du hjelpe til med diverse komiteearbeid - meld deg til innstas og hjelp oss å få til eit kjempeflott arrangement! Det blir stor stemning og heilt sikkert kjempeartig!

Ta kontakt med Øystein Bondhus på e-post ohb@surnadalil.no eller ring på 926 98 080, eller send ei melding på våre facebooksider og oppgi kva dagar du kan stille og kva oppgåve du kunne tenke deg.

FRI
VILLIG
2015 IPC
NORDIC SKIING
WORLD CUP
SURNADAL

TIL SURNADAL

SCHEDULE (Program will be announced at Official Event Website)

Monday	16 March	Official Training BT and CC, first team Captains Meeting
Tuesday	17 March	Competition Cross Country long
Wednesday	18 March	Competition Biathlon sprint
Thursday	19 March	Official Training BT and CC
Friday	20 March	Competition Biathlon pursuit
Saturday	21 March	Competition Cross Country middle
Sunday	22 March	Competition Biathlon individual
Sunday	22 March	Awards Ceremony and Banquet in Surnadal Kulturhus

Sponsor i #3

"Surnadal IL gir opplevelser på bane og sidelinje som har gitt glede i mange generasjoner. Klart vi er med!

Liv Dalsegg,
Surnadal Sparebank



Guy Magand (t.h.), her i samtale med Haldor Aasbø, kjem att til Nordmarka som teknisk delegert når SIL arrangerer verdenscup i mars 2015



Franske Magand var godt fornøyd med jobben hovudkomiteen i Surnadal har gjort så langt. F.v. Arne Berset, Guy Magand, Ellbjørg Haugen Larsen, Olav Rønning, Haldor Aasbø og Bjørn Sæterbø





Sponsor i #3



HETT PÅ HANDBALL

Stian Faksnes

Stian Faksnes vekependlar til og frå Trondheim, men det stoppar han ikkje frå å bruke utallige timar på frivillig innsats for handballgruppa i Surnadal IL.

– Det blir mange turar tur-retur Trondheim i løpet av ei veke, så eg kjenner vegane etter kvart, seier Stian Faksnes, leiar i Surnadal IL Handball. Han jobbar med ventilasjon for trøndelagsfirmaet Miljøventilasjon, og har vekependla både til Trøndelag og Sunnmøre sidan 1995.

Sjølv om han jobbar i Trondheim brukar Stian veldig mykje tid på handballen i Surnadal.

– Det blir ein del ekstra turar fram og tilbake på grunn av styremøter og treningar. Eg prøvde ei veke å rekne på kor mange timar eg brukte på handballen, med flytting

av kampar, telefonering og mailutvekslingar. Den veka kom eg i alle fall opp i 25 timar, så eg har i grunn nesten to heilstillingar, seier 40-åringen.

Og Stian er ikkje åleine om å vere handballentusiast i familien Faksnes. Kona Tonje har og både styre- og lagleiarverv, og i tillegg er det handball som gjeld og for ungene:

– Vi har Stine på Jenter 10 og Mia på Jenter 16, i tillegg til tre år gamle Markus, som nok og blir handballspelar. Så det er handball det går i heime og, det er nesten litt valdsamt, seier Stian.

– Det har eskalert litt Stian er sjølv tidlegare handballkeeper, og spelte opp til Gutar 16 på slutten av 80-talet og starten av 90-talet.

– Det var glansdagane, the good old days, ler Faksnes, som seinare og har vore med sporadisk på herrelag. Deretter følgde eit opphald på 15 år, der han

ikkje var involvert i handballen, før han for fire år sidan vart spurt om å vere med igjen.

– Då vart eg trenar for Jenter 12, der Mia då spelte. Så har det eskalert litt, og no sit eg som leiar på tredje året, medan Tonje vart med i drag-suget, smilar Stian.

Handballsjeften innrømmer glatt at handball er veldig viktig for familien Faksnes, og for alle som har sett Stian og Tonje i idrettshallen undervegs i treningar eller kampar er dette tydeleg. Dersom ein av dei er forhindra frå å sjå Surnadal sine kampar, oppdaterer den andre flittig per mobiltelefon. Denne laurdagen er Tonje på jobb, men Stian sørgjer for at kona får liveoppdateringar frå Mia og Jenter 16 sin kamp mot Meldal.

– Kor viktig er handball for dykk?

– Det er veldig viktig, kjem det raskt frå Stian, med trykk på «veldig».

– Eg har faktisk nesten eit dilemma no når det er Surnadal-kampar i idrettshallen og kvinnelandskamp i VM på fjernsynet. Vi følgjer med på alt som er av handball, men sjølvst sagt spesielt det som skjer her i bygda.

Stian er, i tillegg til vervet som leiar i handballgruppa, med og bidreg både på Gutar 16 og samarbeidslaget SIL har med Halså i Jenter 14-klassa.

– Det medfører vel at det blir ein reising på dykk i helgene og?

Omtrent samtidig som vi stiller spørsmålet, stig ein Surnadal-spelar til vers og sender av garde eit skot, og Stian er med med heile kroppen.

– Eg måtte berre følgje med litt, ein blir liksom litt med på skota, ler han, og svarar:

– Vi fann vel ut at vi ikkje har fleire frihelger no før til våren.

Allereie tredje juledag skal

han til Orkanger på eindagscup med Jenter 16 og samarbeidslaget Surnadal/Halså Jenter 14, og 17. januar er det minihandballturnering i Surnadal, der Halså og Aure kjem med lag. Det skjer mykje og grov godt i handballgruppa:

– Minihandballen, som er trena av Ståle Sæterbø, er mellom 25-35 spelarar. Det er viktig at dei har noko å sjå fram til i tillegg til treningane, og det får dei med turneringa vi skal ha, seier Faksnes.

– Eg trur det blir meir og meir samarbeid framover, og det er utelukkande positivt. Ein må tenkje litt langsiktig, vi blir ikkje fleire og fleire i Surnadal, seier leiaren, som fortel at det i år er seks påmeldte handballag i SIL-regi. Det er tre færre enn i fjor.

– Det er dessverre på grunn av trenarsituasjonen. Vi kunne nok hatt eitt Jenter 10-lag til og eitt Jenter 16-lag til hadde vi hatt fleire trenarar, og vi trakk damelaget på grunn av trenarsituasjonen.

#VI FANN VEL UT AT VI IKKJE HAR FLEIRE FRIHELGER NO FØR TIL VÅREN#

Treng fleire trenarar

Når det vert arrangert handballkampar i idrettshallen vert spelarar, støtteapparat og publikum møtt av store Fair Play-banner og foreldrevettreglar. I tillegg til å ha stor vekt på haldningskapande arbeid, samarbeider handballgruppa med naboklubbar som Rindal og Halså. Dette er Stian Faksnes klar på at er kjempeviktig.

Faksnes meiner mangel på trenarar per i dag er den største utfordringa til handballgruppa.

– Når vi ikkje har trenar-team på plass blir det vanskeleg å dra i gang noko. Det verkar som om folk trur at handball er så vanskeleg, og difor vegrar seg mot å ta på seg ansvar. Eg trur folk kvir seg meir på det enn å ta på verv i til dømes fotball, seier Faksnes, og fortel

om det han opplever som den andre store utfordringa handballgruppa har:

– Det er å halde på spelarane når dei blir 13-14 år og eldre. Akkurat det gjeld ikkje berre handballen, men idretten generelt, at det er lett for at det då blir eit frafall. Vi i handballgruppa ser det kanskje spesielt på gutesida. Vi må prøve å skape spelarar som utviklar seg til å bli profilar, som kan profilere handballen i Surnadal. Nyleg hadde Surnadal fire jenter fødd i 2001 på sonesamling, så det blir spennande å sjå korleis det går vidare med dei.

Ekte handballglede

I fjor fekk Stian diagnosen Parkinsons sjukdom, men han er framleis like aktiv innanfor handballen han brenn så sterkt for.

– Eg held på så lenge helsa tillet det. Det er godt å ha noko å halde på med, seier Faksnes, som innrømmer at sjukdommen gjer at han enkelte gonger let seg irritere over folk som kjem med dårlege unnskuldningar for å ikkje stille opp på frivillig dugnadsarbeid.

– Når eg, med Parkinsons og full jobb i Trondheim, klarar å stille opp og bruke så mykje tid på handballen her, tykkjer eg kanskje at folk bør tenkje seg litt om før dei kjem med ei halvdårlig bortforklaring på kvifor dei ikkje kan stille på dugnad.

– Kva er det som driv deg til å legge ned så mykje arbeid for handballgruppa og idrettslaget?

– Eg tykkjer det er så artig å halde på med dette, både som trenar og leiar. Som trenar er det artig å sjå kor godt spelarane trivst når dei spelar på lag, og eg blir så frykteleig glad av å sjå at spelarane lykkast i kamp med det dei har jobba hardt på trening for å få til, seier han, og legg til:

– Som leiar gjev det meg mykje å vere med på å legge til rette for at så mange som muleg får spele handball. Det er klart det er aller artigast når det går bra. Med gode resultat kjem det meir publikum, media fattar interesse og det blir litt meir blest rundt handballen. Det er artig når ein klarar å skape ein slik god sirkel, seier Stian Faksnes.



GLIMT FRÅ LAGIDRETT



BUA-cup, del 1



**100 ÅR MED
IDRETTSGLEDE**

Alle foto: Jörg Brunke

BUA-cup, del 2



Årets fair Play-klubb!
Fellesfoto Handball



Sponsor i #3



Sponsor i #3



Sponsor i #3



Ønskier god jul



NESTE UTGÅVE:
FEBRUAR 2015

ANNONSERE
I #4?

TIPS TIL
STOFF?

Kontakt:
ohb@surnadalil.no
926 98 080



Ansvarleg utgjevar:
Surnadal IL
Postboks 1
6656 Surnadal